

Granskar Noregs band til EU

For nesten nøyaktig eit år sidan vedtok regjeringa å oppnemne Europautredningen, eit utval som skal «foreta en bred og grundig vurdering av politiske, rettslige, forvaltningsmessige, økonomiske og andre samfunnsmessige konsekvenser av EØS-avtalen».

I løpet av året skal utvalet arrangere ti møte om den norske EU-tilknyttinga.

Første møte, «EØS og folkestyret. Klokt kompromiss eller demokratisk katastrofe?», gjekk for fullt hus no på tysdag, på Litteraturhuset. Ifølgje utvalet var 300 personar til stades.

Utvalsleiar Fredrik Sejer-

sted styrte ordet, professorane Erik Oddvar Eriksen, Øyvind Østerud og Janne Haaland Matlary heldt innlegg, med kommentar frå Kristin Clemet, dagleg leiar i den høgreorienterte tenketanken Civita, samt Klassekampen-spaltist Hallvard Bakke, som var sentral i EU-motstanden i 1994.

Utvalet skal levere rapport til regjeringa til hausten. Det vert leia av professor Fredrik Sejersted ved Senter for europarett ved Universitetet i Oslo. Nestleiar er Liv Monica Stubholt, inves-

teringsdirektør i Aker ASA og tidlegare statssekretær for Senterpartiet, mellom anna i Utanriksdepartementet.



Fredrik Sejersted

Elles i utvalet sit professor Frank Aarebrot ved Institutt for sammenlignende politikk ved Universitetet i Bergen, Lise Rye, førsteamanuensis, ved Institutt for historie og klassiske fag ved NTNU, Dag Seierstad, EØS-ekspert, Helene Sjursen, seniorforskar på ARENA-senteret ved UiO, Fredrik Bøckman Finstad, advokat i Thommessen AS, Kate Hansen Bundt, europaforskar,

Karen Helene Ulltveit-Moe, professor ved økonomisk institutt ved UiO, Jonas Tallberg, professor ved institutt for statsvitenskap ved Stockholms universitet, Jon Erik Dølvik, forskningssjef i Fafo og Peter Arbo, førsteamanuensis ved Norges Fiskerihøgskole.

Tysdag 1. februar arrangerer dei neste folkemøte, også det på Litteraturhuset, med tittelen «Er Norge Europa?» om norsk og europeisk identitet.

Utvalet vil gjere forskning om Noregs band til EU og konsekvensane av desse banda, og publisere rapportane på løpande basis.